

Oppattbyggjing kan vera søknadspliktig

26.05.2015



Raseringen av Sjøhuset var den største enkeltskaden i vår bygd. No er oppryddinga igang og så skal det reisast eit nytt og noko mindre hus.

Stormen Nina herja stygt langs strendene også i Uskedalen i vinter og naust og bryggjer vart skada eller øydelagde med raseringa av Sjøhuset som det ålvorligaste. No gjer Anbjørn Høivik i kommunen sitt plan- og byggjesakskontor merksam på at arbeid etter naturskade som er meir omfattande enn reparasjon kan vera søknadspliktige etter plan- og bygningslova.

Kontoret har registrert at reparasjons- og oppattbyggjingsarbeid er i full gang og vil presisera at reparasjon vert definert som istandsetjing etter mindre øydeleggjring.

Det kan vera utskifting av enkelte bygningsdeler som dører, bordkledning, enkelte stendarar, kaidekke, enkelte pælar og liknande. Dersom store delar av eit tiltak (bygning, konstruksjon eller anlegg) er øydelagt vil tiltaket vera søknadspliktig hvis det er naudsynt med renovering eller oppattbyggjing.

Vert eit tiltak utvida i horisontal- eller vertikalplanet eller det eksponerer seg på ein ny måte mot omgivnadane kan det også utløysa dispensasjonsbehandling frå arealføremålet i kommuneplanen og/eller forbodet mot byggjing i strandsona, påpeikar Høivik.

Søknadspliktig tiltak som vert utført utan godkjenning vil i tillegg til ordinært byggjesaksgebyr utløysa overtredelsesgebyr. Men er ein i tvil, kan ein ringa 94789309.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen